

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

7.søndag i treenighetstiden – 3.juli 2016

Preiketekst: Mark 5,25-31

Lesetekst I: Salme 8,2-10

Lesetekst II: 1 Kor 1,26-31

Kva er då eit menneske?

Tekstane i dag gir svar på det spørsmålet.

Viktige svar. Med ulike perspektiv:

Du kan sjå eit menneske ved sida av skaparen: då vert vi små. Men likevel: *Lite ringare enn Gud.* (Salme 8).

Ser du omkring deg, på deg sjølv og på andre: *Ikkje mange vise etter menneskemål, og ikkje mange mektige eller av fornem slekt.* (1 Kor 1,26).

Reist opp

Men:

I dagens tekstar vert vi oppmuntra til å sjå nærare etter, og rettare etter:

I samfunn med, og i tru på Herren, vert vi til reist opp, og sett i god stand.

Kan hende dette er det gode, viktige poenget i dagens budskap, gjennom desse tre tekstane.

Ho hadde vore sjuk lenge, og hadde prøvd "alt", kvinna i forteljinga i dag.

Kan hende syntest ho også det var litt flaut å bretta ut plaga si for mange folk. Litt diskret hjelp var å ynskja.

Så ordna ho seg ganske enkelt, ved å koma seg i posisjon til å røra ved dei bøne-duskane som var vanlege i jødisk klesdrakt den gongen, og som vi også ser hos dagens ortodokse jødar, når dei ber.

For oss får jo dette dermed eit preg av "magi". Ved å røra hans klede, får ho hjelp. Det høyrst overnaturlig, magisk, kunstig ut.

Jesus merkar kva som hender.

Og han hefter seg ikkje ved kva det dette *kunne* ha vore. Han ser det vesentlege: trua hennar.

Tre grupper

Ein tanke å fylgja for den som skal utleggja denne teksta i tale, kunne vera å henta fram tre grupper i teksta her.

a) Jesus. Han kan og vil hjelpa. Han er og gjer miskunn og medkjensle. Visst "merkar" han at noko skjer. Men han er komen for å "leita etter, og hjelpa" menneske. Han gjer det fordi han bryr seg, og vil syna omsorg. Men han vil også kalla til tru og frelse dei menneska som på den måten får eit møte med han.

b) Læresveinane. Dei hadde fokus på det hensiktsmessige, og det rasjonelle. Dei ville skåna Jesus for folka, og dei våga seg til og med til å peika på det umulige i å finna ut kva som hende, og kven som hadde "kome borti" han.

c) Den sjuke kvinna. Som hadde hatt (menstruasjons-?) smerter i tolv år.

Var det magi ho var ute etter?

Her går det fram at ho visste om Jesus, og tenkte og trudde at han kunne hjelpa. Bare ho fekk møta han, om så er i denne enkle forma som vi høyrer om.

Tru, tillit, takk, teneste

Trua som søker til Mesteren. Tru, altså.

Menneske i møte med Mesteren. Takk, altså.

Og: NB viktig poeng: Ho kom fram, kasta seg ned for Jesus, og fortalde alt. Altså: tillit til Mesteren!

Kva er eit menneske?

Mennesket er uendeleg verdifullt i Herrens auge, og i hans rike.

Mennesket er Guds skapning, og hans medarbeidar på jord, i forvaltning av jorda.

Mennesket er avhengig av dette gode, underfulle møtet med Herren. Då vert vi sett frie til tru og takk og teneste.

Vekta ligg ikkje på dette "magiske", og avgjort heller ikkje på nedvurdering av legar og hjelp som er å få i helsevesenet. Nei, her er budskap og poeng at Jesus tek imot menneske som treng hjelp av ulikt slag.

Og hans gode helsing er dette underlege og underfulle: "Trua di har frelst deg, gå i fred!"

Ole Gunnar Sæbø

Pensjonert prest

o.g.sabo@online.no